



Kinn kommune

Møtebok

Utval:	Formannskapet
Møtestad:	Florø, Skongenes, Øklandbygget
Dato:	24.02.2026
Tid:	Kl. 08:45 - 15:30

Følgjande medlemmer møtte	Parti
Ola Teigen	Kinn AP
Silje Ødegård Standal	Kinn AP
Anett Berg	Kinn FrP
Frank Willy Pedersen Djuvik	Kinn FrP
Mats Brunsvik	Kinn FrP
Miriam Johanne Nesje	Kinn FrP
Bengt Solheim-Olsen	Kinn H
Daniel Erik Adrian Henriksson	Kinn Rødt
Anita Eikevik	Kinn SP
Jon Valur Olafsson	Kinn SV

Forfall	Parti	Varamedlem	Parti
Jacob Andrè Telvik Nødseth	Kinn V	Edvard Iversen	Vågsøy V Kinn V

Frå administrasjonen møtte:

Øyvind Bang-Olsen, kommunedirektør
Rolf Bjarne Sund, kommunalsjef samfunn, kultur og miljø
Runa Nybakk, kommunalsjef oppvekst
Elin Sørbotten, kommunalsjef helse og velferd
Linda Nipen, kommunalsjef økonomi
Linda Myhre Larsen, stabsleiar informasjon og service

Synfaringar:


Det vart gjennomført synfaring på Albertatunet.

Måløy, 26.02.2026

Bengt Solheim-Olsen
Ordfører

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	
018/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	
019/26	Godkjenning av møteprotokoll	
020/26	Spørsmål	
021/26	Orienteringar	
022/26	Refererte skriv og meldingar	
023/26	Interpellasjonar	
024/26	Eigarskapsmelding	
025/26	Administrasjonslokaler Florø - ny handsaming av leigeavtale med kjøpsopsjon	
026/26	Region Fjordane - vidareføring av samarbeidet	
027/26	Utgreiingsprogram for mogeleg utnytting av olje og gassressursar i Cuvettefeltet	
028/26	Presisering av forskrift om folkevaldes rett til godtgjersle og velferdsgoder i Kinn	
029/26	Refvik - finansiering og igangsetting nytt avløpsanlegg med vassforsyning	
030/26	Søknad om fritak frå Kinn eldreråd - Asbjørn Våge	Ikkje offentleg



Arkiv: FE-033
JournalpostID: 26/11119
Sakshandsamar: Linda Alice Myhre
Larsen
Dato: 17.02.2026

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
018/26	Formannskapet	24.02.2026

Godkjenning av innkalling og sakliste

FORM- 018/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Behandling i Formannskapet 24.02.2026:

Godkjenning av innkalling:

Ingen merknadar.

Godkjenning av sakliste:


Ingen merknadar.

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes godkjent.

FORM- 018/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.



Saksnr.	Utval	Møtedato
019/26	Formannskapet	24.02.2026

Godkjenning av møteprotokoll

FORM- 019/26 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent slik den ligg føre.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent slik den ligg føre.

Møteprotokoll frå sist møte ligg i Acos møteportal og på Kinn kommune si heimeside.

Behandling i Formannskapet 24.02.2026:

Ingen merknadar.

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes godkjent.

FORM- 019/26 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent slik den ligg føre.

Vedlegg i saken:

Protokoll - Formannskapet - 19.01.2026



Saksnr.	Utval	Møtedato
020/26	Formannskapet	24.02.2026

Spørsmål

FORM- 020/26 Vedtak:

Formannskapet gjev tilskot på kr 15 000 til Florø historielag til boka om Sis-agentane. Tilskotet vert å dekke over formannskapet si løyving.

Behandling i Formannskapet 24.02.2026:

Drift av moloen på Raudeberg - det trengs opprydding

Venstre v/repr. Iversen stilte spørsmål om drift av moloen på Raudeberg. Kommunedirektøren vert oppfordra om å ta initiativ ovanfor Nordfjord Havn for å få rydda opp og få orden på moloen.

Status mht arbeidet med arealplan

AP v/repr. Teigen etterlyste kva som skjer vidare - ønskjer ei status oppdatering.

Kommunalsjef Rolf Bjarne Sund orienterte:

Alternativ 1: Ikkje sende krangelområder til departementet, det er det raskaste alternativet.

Alternativ 2: Legge inn nye områder, som krev ny høyring, evt. konflikt, mekling og endelig handsaming i departementet. Vil da bli langt ut i 2027 før ein har ei avgjerd. Ein har hatt gode møter med statsforvaltar og nokre næringsaktører, og ein har fått mange tilbakemeldingar om ønskje om bygging i distrikta.

Gjer no eit grep for vurdering av rasfare, kostar pengar, har hatt fleire møter med NVE, for å få opna litt opp for å få til spredt bebyggelse blant anna på Kvalheim, Vedvik, Nordalsfjord og Askrova

Kan vere mogleg å komme i mål til sommaren. Kinn har motteke 400 innspel i fyrste runde, 218 innspel i siste runde. Vi tar desse på alvor.

Drøftingsmøte med Statsforvaltar etter påske.

Vi må leve med at noke får vi til og noke får vi ikkje til.

Parkeringshus og inn- og utkjøring i Strandgata

Har forslag til løysning med eigar av Øklandbygget.

utfordringane hadde vore løyst om Statens vegvesen kunne ha innvilga nedsetting av fartsgrense.

Florø historielag - søknad om tilskot på kr 15 000,- til boka om Sis-agentane Atle Svardal og Dagfinn Ulriksen

Sis-agent står for Secret intelligent service agentar. Ordførar orienterte og kom med følgjande framlegg til vedtak:


Formannskapet gjev tilskot på kr 15 000 til Florø historielag til boka om Sis-agentane. Tilskotet vert å dekke over formannskapet si løyving.

Røysting:

Ordførar sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

FORM- 020/26 Vedtak:

Formannskapet gjev tilskot på kr 15 000 til Florø historielag til boka om Sis-agentane. Tilskotet vert å dekke over formannskapet si løyving.



Saksnr.	Utval	Møtedato
021/26	Formannskapet	24.02.2026

Orienteringar

FORM- 021/26 Vedtak:

Orienteringane vert teke til vitande.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Orienteringane vert teke til vitande.


Behandling i Formannskapet 24.02.2026:

Orienteringar

- Synfaring Albertatunet
- Investeringar v/ prosjektsjef Oddgeir Nygård
- Orientering om Spesialisthelsetenesta v/Helse Førde:
v/Arve Varden, administrerende direktør
Børge Tvedt, direktør for psykisk helse
Trine Hunskaar Vingsnes, direktør for medisinsk klinikk
Arve Uglum, kommunikasjonssjef
Sunnfjord medisinske senter v/Kjartan Olafssen
- Rekneskap 2025 v/kommunalsjef Linda Nipen.

FORM- 021/26 Vedtak:

Orienteringane vert teke til vitande.



Saksnr.	Utval	Møtedato
022/26	Formannskapet	24.02.2026

Refererte skriv og meldingar

FORM- 022/26 Vedtak:

Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.

Behandling i Formannskapet 24.02.2026:

Ingen merknadar som foranlediget endringsframlegg.

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke.

FORM- 022/26 Vedtak:

Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.


Underliggende sak:

008/26, Kommunebilde - november 2025

009/26, Kystmuseet, søknad "Nasjonale kulturbygg"

010/26, Møtebok Fjordane interkommunalt politisk råd 03.12.2025

011/26, Oppsummering frå kommunemøte med Kinn kommune 17. november



Kinn kommune

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 26/11122
Sakshandsamar: Linda Alice Myhre
Larsen
Dato: 17.02.2026

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
023/26	Formannskapet	24.02.2026


Interpellasjonar

FORM- 023/26 Vedtak:
Ingen vedtak.

Behandling i Formannskapet 24.02.2026:

Ingen interpellasjonar til handsaming.

FORM- 023/26 Vedtak:
Ingen vedtak.



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
024/26	Formannskapet	24.02.2026
	Kommunestyret	

Eigarskapsmelding

FORM- 024/26 Vedtak:

Ved oppnemning av styremedlemmer til kommunale føretak (KF) skal ein, så langt det er mogleg, leggje vekt på å hente inn ekstern kompetanse med relevant fagleg bakgrunn og erfaring frå område som økonomi, jus, leing, organisasjonsutvikling eller andre fagfelt som er sentrale for føretaket si verksemd. Dette styrkjer kvaliteten på styrearbeidet, gjev meir uavhengige vurderingar og reduserer risikoen for rolleblanding mellom kommunen si eigarrolle og føretaket si drift. Av same grunn skal faste medlemmer i kommunestyret som hovudregel ikkje veljast til styre i KF, og faste medlemmer i formannskapet skal ikkje veljast til slike styre. Klåre roller og rett kompetanse i styra bidreg til god eigarstyring, betre beslutningsgrunnlag og større tillit til forvaltninga av kommunen sine verdiar.

Administrasjonen kvalitetssikrer oversikten og eigarpostane i ulike selskap før saka handsamast i kommunestyret. Oversikten skal og innkludere alle IKS og oppgåvefelleskap.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Eigarskapsmelding vert godkjend slik den ligg føre.

Bakgrunn for saka:

Kommunestyret handsama eigarskapsstrategi i sak 19/035. Saka blir no lagt som ei melding.

Kommunelova seier noko om omfanget av eigarskapsmeldinga (§26)

Kommuner og fylkeskommuner skal minst én gang i valgperioden utarbeide en eierskapsmelding som skal vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv.

Eierskapsmeldingen skal inneholde

- kommunens eller fylkeskommunens prinsipper for eierstyring*
- en oversikt over selskaper, kommunale eller fylkeskommunale foretak og andre virksomheter som kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser eller tilsvarende interesser i*
- kommunens eller fylkeskommunens formål med sine eierinteresser eller tilsvarende interesser i virksomhetene nevnt i bokstav b.*

Saksopplysningar:

Kinn kommune har eigardelar i 30 aksjeselskap, tre interkommunale selskap og fire kommunale føretak.

Kommunen har ulike formål og mål for å opprette eit selskap eller gå inn i ei etablert selskapsordning. Dette har også følger for korleis eigarstyringa skal innrettast. Det er hensiktsmessig å kategorisere formålet med eigarskapen i enkelte hovudkategoriar.

Eigarskapsversikt for Kinn kommune Sist oppdatert: 18.02.2026						
Nr.	Selskap	Selskaps- form	Invester- ing	Eigar- del	Verksemd	Klassifisering
1	Sogn og Fjordane Energi AS	Aksjeselskap	-	4,64 %	Kraftproduksjon	Finansielle investeringar
2	Sogn og Fjordane Holding AS	Aksjeselskap	3 834 904	6,60 %	Holdingselskap	Finansielle investeringar
3	Firda Billag AS	Aksjeselskap	1 447 000	14,47 %	Transport	Finansielle investeringar
4	Firdavegen 1 AS	Aksjeselskap	364 000	6,25 %	Eigedom	Andre investeringar
5	Kystvegen Måløy - Florø AS	Aksjeselskap	480 000	36,00 %	Samferdsle	Strategiske og politiske investeringar
6	Kystvegen Ålsund Bergen	Aksjeselskap	-	-	Samferdsle	Strategiske og politiske investeringar
7	Aksello AS	Aksjeselskap	200 000	11,43 %	Næringsutvikling	Næringspolitikk
8	Grovastøylen AS	Aksjeselskap	200 000	16,70 %	Idrettsanlegg	Andre investeringar
9	Origod Fram AS	Aksjeselskap	352 098	31,02 %	Arbeids- og inkluderingsverksemd	Effektivisering av tenesteproduksjonen
10	Sunnlab AS	Aksjeselskap	167 000	10,00 %	Teknisk prøving og analyse	Andre investeringar
12	Flørø Parkering AS	Aksjeselskap	100 000	100,00 %	Parkering	Effektivisering av tenesteproduksjonen
13	Visit Fjordkysten og Sunnfjord AS	Aksjeselskap	492 000	35,14 %	Reiseliv	Næringspolitikk
14	Midtvegen 615 AS	Aksjeselskap	40 000	22,22 %	Samferdsle	Strategiske og politiske investeringar
15	Måløy Vekst AS	Aksjeselskap	5 000	4,48 %	Næringsutvikling	Næringspolitikk
16	Vågsøy Parkering AS	Aksjeselskap	100 000	100,00 %	Parkering	Effektivisering av tenesteproduksjonen
17	Nordfjordbadet AS	Aksjeselskap	994 000	52,00 %	Idrettsanlegg. Inv.	Samfunnsøkonomiske investeringar
18	Storhallen i Vest	Aksjeselskap	1 000 000	67,00 %	Idrettsanlegg. Inv.	Samfunnsøkonomiske investeringar
19	ASVO Måløy AS	Aksjeselskap	1 000 000	52,00 %	Idrettsanlegg. Inv.	Effektivisering av tenesteproduksjonen
21	Opplæringsfartøy AS	Aksjeselskap	10 000	0,13 %	Anna undervisning	Samfunnsøkonomiske investeringar
22	Muritunet AS	Aksjeselskap	5 000	0,03 %	Rehabilitering og opptrening	Andre investeringar
24	Hareid Fastlandssamband AS	Aksjeselskap	1 000	0,01 %	Samferdsle	Strategiske og politiske investeringar
26	Fjord Norge AS	Aksjeselskap	10 000	0,24 %	Turistkontor og destinasjonsselskap	Næringspolitikk
27	Visit Nordfjord AS	Aksjeselskap	10 000	0,58 %	Turistkontor og destinasjonsselskap	Næringspolitikk
28	Rovdefjordsambandet AS	Aksjeselskap	75 000	1,53 %	Samferdsle	Strategiske og politiske investeringar
29	Måløy Vekst Fiber AS	Aksjeselskap	2 000	2,00 %	Kabelbasert telekommunikasjon	Næringspolitikk
30	Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS	Aksjeselskap	100 000	3,27 %	Etablere og drive Vitensenteret i S&Fj.	Samfunnsøkonomiske investeringar
31	Nordfjord Miljøverk IKS (NOMIL)	IKS	*)	41,04 %	Interkommunalt renovasjonsselskap	Effektivisering av tenesteproduksjonen
32	Nordfjord Havn IKS	IKS		48,00 %	Interkommunalt hamneselskap	Effektivisering av tenesteproduksjonen
33	Alarmsentralen IKS	IKS		10,95 %	Alarmmotak - Brann/velferdsteknologi	Effektivisering av tenesteproduksjonen
33	Havhesten Flora kommune KF	KF		100,00 %	Kommunalt badeanlegg	Effektivisering av tenesteproduksjonen
34	Flora Hamn KF	KF		100,00 %	Drift av hamne- og kaianlegg	Effektivisering av tenesteproduksjonen
35	KF Innvandrarsenteret i Flora	KF		100,00 %	Innvandring- og flyktningearbeid	Effektivisering av tenesteproduksjonen
36	Flora Bordgleder KF	KF		100,00 %	Kommunalt kjøkken	Effektivisering av tenesteproduksjonen

1. Finansielle investeringar

Eigarskapen i desse selskapa har som mål å oppnå marknadsmessig avkastning på eigenkapitalen. Dette gjeld selskap som i hovudsak er forretningsmessig orientert og ikkje utfører kommunale oppgåver.

2. Strategiske og politiske investeringar

Innanfor kategorien «Strategiske og politiske investeringar» definerer vi dei selskapa som kommunen er engasjert i av politiske årsaker, og der selskapet sitt formål vanskeleg kan gjennomførast utan politiske prioriteringar og engasjement.

3. Samfunnsøkonomiske investeringar

Selskap blir rekna som gjennomføringsorgan for samfunnsmessige oppgåver og der kommunen som eigar ikkje stiller krav til avkastning. Selskap innan denne kategorien må også rekne med at det vert stilt krav frå eigar, samt forventningar om ei effektiv drift med god utnytting av selskapet sine ressursar.

4. Effektivisering av tenesteproduksjonen

Kategorien «Effektivisering av tenesteproduksjonen» gjeld investeringar der omorganisering til selskap i samarbeid med andre kommunar vil gi meir effektiv tenesteproduksjon og betre forvaltning.

5. Næringspolitikk

Kategorien «Næringspolitikk» gjeld selskap som er etablert med formål å utvikle og sikre arbeidsplassar i regionen.

6. Andre investeringar

Investeringar som ikkje kan klassifiserast i dei andre gruppene vert klassifisert som andre investeringar.

I oversikten er det ikkje teke med oppgåvefellesskap med andre kommunar. Gjeld revisjon, hamnesamarbeid, sekretariat for kontrollutval og krisesenter.

Vurderingar:

Frå kommunedirektøren si side er det ikkje lagt opp til sal eller realisering av kommunen sine aksjar. Saka er utforma og lagt fram slik at styremedlemmer eller daglege leiarar kan fylgje saka og vere habile. Meldinga er overordna, gjeld ikkje spesifikke selskap og er prinsipiell.

Nokre kommunar har opprette eigarutval som førebur og handsamar eigarspørsmål. Kommunedirektøren har ikkje utarbeidd føringar for eit slikt utval. Formannskapet kan ha denne rolla.

Kommunedirektøren ser at rapportering og tilrettelegging for selskapsinformasjon kunne vore noko betre gjennom dei siste åra. Eigarskapsmeldinga legg opp til å fylgje opp kommunelova sine føringar. Årsrapportar og referat frå generalforsamlingar bør likevel bli tilgjengeleggjort for formannskapet gjennom refererte skriv og meldingar.

Det er ikkje lagt opp til sal av kommunen sine delar. Kommunestyret kan legge opp til vurdering av KF-modellen i samband med gjennomgang og rulling av politisk organisering og delegering i forkant av ny kommunestyreperiode.

Kommunestyret har bede om ekstern vurdering av Kurs KF. I dette ligg også organisering av kommunen sitt arbeid med flyktningar og integrering. Rapporten om Kurs KF vert lagt fram for kommunestyret i løpet av året.

Formannskapet er også kjent med at ein vurderer sal og samarbeid mellom kommunane knytt til Bordgleder KF sine tenester. Kommunestyret har vurdert eigarskapen i SFE i 2024. Det var også førebudd fusjon mellom Eviny og SEF, men fusjonsplanane vart trekt.

I 2023 oppretta kommunen selskap for å jobbe fram høvesvis Storhallen i Vest og Nordfjordbadet.

I samband med utarbeiding av saka har ikkje kommunedirektøren innhenta, oppdatert og vurdert særskilte selskapsdokument frå selskapa. Døme på slike dokument er aksjonærvartalar, etiske retningslinjer, eigarstrategiar, vedtekter og liknande. Selskapa kan tilskrivast for å oppdatere og stille det til for rådvelde for politisk handsaming. Eigarmeldinga kan oppdaterast med denne informasjon før endeleg vedtak.

Styrerepresentantane som representerer kommunen er ikkje bedne om rapportering før utarbeiding av saka.

Saksframstillinga er prinsipiell og overordna. Dette gjer at representantar kan delta i handsaminga. Tiltak rettar seg ikkje mot spesifikke selskap der kommunestyrerepresentantar har verv eller deltek i dagleg leiing.

Økonomiske konsekvensar:

«Skriv her»

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

«Skriv her»

Behandling i Formannskapet 24.02.2026:

Nytt avsnitt i kapittel 6.1.2, foreslått av Frank Willy Pedersen Djuvik, Kinn Fremskrittsparti

Ved oppnemning av styremedlemmer til kommunale føretak (KF) skal ein, så langt det er mogleg, leggje vekt på å hente inn ekstern kompetanse med relevant fagleg bakgrunn og erfaring frå område som økonomi, jus, leining, organisasjonsutvikling eller andre fagfelt som er sentrale for føretaket si verksemd. Dette styrkjer kvaliteten på styrearbeidet, gjev meir uavhengige vurderingar og reduserer risikoen for rolleblanding mellom kommunen si eigarrolle og føretaket si drift. Av same grunn skal faste medlemmer i kommunestyret som hovudregel ikkje veljast til styre i KF, og faste medlemmer i formannskapet skal ikkje veljast til slike styre. Klåre roller og rett kompetanse i styra bidreg til god eigarstyring, betre beslutningsgrunnlag og større tillit til forvaltninga av kommunen sine verdiar.

Framlegg om opprydding, foreslått av Frank Willy Pedersen Djuvik, Kinn Fremskrittsparti
Administrasjonen kvalitetssikrer oversikten og eigarpostane i ulike selskap før saka handsamast i kommunestyret. Oversikten skal og innkludere alle IKS og oppgåvefelleskap

Røysting:

Framlegg om nytt avsnitt i kapittel 6.1.2 frå FrP v/repr. Djuvik vedtatt mot 1 røyst frå Venstre v/Iversen.

Framlegg om opprydding frå FrP v/repr. Djuvik samrøystes vedtatt.


FORM- 024/26 Vedtak:

Ved oppnemning av styremedlemmer til kommunale føretak (KF) skal ein, så langt det er mogleg, leggje vekt på å hente inn ekstern kompetanse med relevant fagleg bakgrunn og erfaring frå område som økonomi, jus, leining, organisasjonsutvikling eller andre fagfelt som er sentrale for føretaket si verksemd. Dette styrkjer kvaliteten på styrearbeidet, gjev meir uavhengige vurderingar og reduserer risikoen for rolleblanding mellom kommunen si eigarrolle og føretaket si drift. Av same grunn skal faste medlemmer i kommunestyret som hovudregel ikkje veljast til styre i KF, og faste medlemmer i formannskapet skal ikkje veljast til slike styre. Klåre roller og rett kompetanse i styra bidreg til god eigarstyring, betre beslutningsgrunnlag og større tillit til forvaltninga av kommunen sine verdiar.

Administrasjonen kvalitetssikrer oversikten og eigarpostane i ulike selskap før saka handsamast i kommunestyret. Oversikten skal og innkludere alle IKS og oppgåvefelleskap.

Vedlegg i saken:

Eigarskapsmelding for KInn kommune - framlegg til vedtatt 2026
Vedlegg - selskapsoversikt



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
025/26	Formannskapet	24.02.2026
032/26	Kommunestyret	05.03.2026

Administrasjonslokaler Florø - ny handsaming av leigeavtale med kjøpsopsjon

FORM- 025/26 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner framforhandla 10-årsavtale om leige, med opsjon på kjøp, slik den ligg føre med 3 år oppseiingstid.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner framforhandla 10-årsavtale om leige, med opsjon på kjøp, slik den ligg føre med 3 år oppseiingstid.

Bakgrunn for saka:

Saka om administrasjonslokaler Florø har vore til handsaming i formannskapet sist 19 januar med følgande vedtak

FORM- 013/26 Vedtak:

- 1) Saka skal endeleg godkjennast av kommunestyret.
- 2) Formannskapet aksepterer at det vert inngått avtale på inntil 10 år, men føreset at det må vere mogleg å gå frå leigeavtalen, eksempelvis med ein frist på 2-3 år.
- 3) Kommunedirektøren får fullmakt til å forhandle med utleigar i tråd med punkt 1 og 2 og legge avtalen fram for formannskapet til ny handsaming før saka skal vidare til kommunestyret.

Kommunedirektøren meiner avtale som no ligg føre, oppfyller formannskapet si bestilling og tilrår soleis at avtalen godkjennast.

Saksopplysningar:

Framlegg til Husleigekontrakten, med opsjon på areal, i Øklandbygget inneheld areal som pussa opp (2. etg) og areal som blir brukt med utgangspunkt som dei er i dag (3000 kvm totalt).

Før kontrakten blir inngått skal huseigar likevel gjere tekniske oppgradering, m.a. ventilasjon. Kommunedirektøren har lag fram avtalen med utgangspunkt at den gjev vinstar for arbeidsmiljø og at ein oppnår nøkterne administrative kostnader til lokaler. Reduserte administrative kostnader har vore politiske mål, og i 2024 nådde vi å ha lågare ressursbruk enn samanlikningskommunane (KOSTRA gruppe7).

Øklandbygget har dei siste åra vore hovudlokasjon for administrasjonen i Florø.

I lokala er det i dag følgende funksjonar/roller:

- Ordførar
- Kommunedirektør
- Kommunalsjefar
- Personal/HR
- Folkehelseavdeling
- Kommuneoverlege
- Rekneskapsavdeling
- Budsjettrådgiavarar
- Lønnsavdeling
- Tildelingskontor
- Bustadkontor
- Lev Vel
- Rådgivarar oppvekst
- Rådgivarar helse og omsorg
- Prosjektavdeling
- Teknisk avdeling adm veg, park, formålsbygg, vatn- og avløp
- Arkivlokaler rekneskap, lønn og HR
- Arbeidsstasjonar til folkevalde
- Rom til interne møter og politiske møter

(Lista er ikkje uttømmende)

Dagens leigeavtale(r) omfatter 3. plan og halve 4. plan, henholdsvis 1052 m2 (justert til 1172 m2 etter oppdatert arealberekning) og 594 m2Avtalane utløper 1. februar 2027.

Ny avtale inneheldar følgende hovudmoment;

- Ny avtale erstatter gamle avtaler
- 10 år leigeperiode frå 1.1.2026 med opsjon på vidare leige etter 10 år
- Omfang av leigd areal vert utvida med 318 m2 for å kunne flytte over tilsette frå det gamle rådhuset
- Opsjoner på å leige ytterligare areal frå 1.1.2027
- Opsjoner på å kunne kjøpe ut seksjoner av bygget
- 3 år oppseiingstid (utan ytterligare økonomisk kompensasjon)

Vurderingar:

Kommunedirektøren vurderer at 10-årsavtale er mest fordelaktig i forhold til pris, samstundes som sannsynlegheita for at kommunen er i posisjon til å ha eit nytt administrasjonsbygg klart til innflytting før det er gått 10 år er relativt låg.

Kommunedirektøren vurderer elles at det ikkje er tilgjengelege lokalar i sentrumskjernen som er store nok til å huse administrasjonen i Florø.

Kommunedirektøren har sett at alternativ leige om ein i dag skulle ha bygd ville dette gje ein kvm. pris på 3.500,- pr. kvm. Det har vore ein kraftig auke i kostnader på grunn av høge rente og prisstigning på bygg- og anlegg dei siste åra.

Det at ein no har fått inn ei 3 års oppseiingstid, gjer at kommunen har moglegheit til å gå ut av avtalen før 10 år er gått dersom det er behov for det.

Økonomiske konsekvensar:

Leiga, herunder ny leigesum, finansierast innanfor eksisterande avset ramme.

Økonomiske konsekvensar med ei eventuell auke i leigd areal eller kjøp av seksjoner, framkjem i vedlagt avtaleutkast med vedlegg.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

«Skriv her»

Behandling i Formannskapet 24.02.2026:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

FORM- 025/26 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner framforhandla 10-årsavtale om leige, med opsjon på kjøp, slik den ligg føre med 3 år oppseiingstid.

Vedlegg i saken:


Bilag 1

Bilag 2

Bilag 3

Bilag 4

Utkast leigeavtale 12022026



Saksnr.	Utval	Møtedato
026/26	Formannskapet	24.02.2026
	Kommunestyret	

Region Fjordane - vidareføring av samarbeidet

FORM- 026/26 Vedtak:

1. Kommunen vedtek å vidareføre deltakinga i Fjordane interkommunale politiske råd (IPR).
2. Kommunen godkjenner den reviderte samarbeidsavtalen for Fjordane IPR.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunen vedtek å vidareføre deltakinga i Fjordane interkommunale politiske råd (IPR).
2. Kommunen godkjenner den reviderte samarbeidsavtalen for Fjordane IPR.

Bakgrunn for saka:

Fjordane interkommunale politiske råd (IPR) vart etablert for å styrkje samarbeidet mellom kommunane i regionen og vere ein politisk arena for samhandling, interessepolitikk og strategisk utvikling. Samarbeidet er forankra i samarbeidsavtalen som vart vedteken i mars 2022, og som vart justert i mars 2024 etter at Høyanger kommune kom med som medlem.

Som ein del av saksførebuinga ved etableringa av Fjordane IPR i 2022 vart det føreslått at regionrådet skulle ha ei prøveperiode på tre år. Etter denne perioden har rådet gjennomført ei evaluering for å vurdere korleis Fjordane IPR fungerer som politisk samarbeidsarena, og korleis organiseringa støttar opp under formålet med etableringa. I rådsmøtet 31.10.25 var det i rådsmøte semje om vidareføring av Fjordane IPR og at ein ønskjer å sende saka vidare til medlemskommunane for politisk handsaming. Vedlegg til saka er ny samarbeidsavtale, evaluering av Fjordane IPR og årsrapportar.

Saksopplysningar:

Fjordane interkommunale politiske råd (IPR) har sitt utspring i fylkeskommunen sitt arbeid med regional planstrategi, der kommunane i Nordfjord og Sunnfjord vart definerte som ein naturleg samarbeidsregion. Fram til dette var kommunane organiserte i tre ulike regionråd, som kvar for seg ivaretok politisk samarbeid og utviklingsarbeid i sine delregionar. Etter kommunesamanslåingane i 2020 vart denne strukturen mindre tenleg, for nokre kommunar, og det oppstod eit behov for å sjå regionen meir samla for å styrkje politisk påverknadskraft og koordinering av felles satsingsområde.

Vestland fylkeskommune tok derfor initiativ til å vurdere ei meir heilskapleg organisering av det interkommunale politiske samarbeidet. Som del av dette arbeidet har fylkeskommunen også styrka den økonomiske satsinga på regionråda, ved å auke det årlege tilskotet frå 300 000 kroner til 600 000 kroner.

Dette arbeidet førte fram til etableringa av Fjordane IPR i 2021, med mål om å vere ein samla politisk arena for samhandling, interessepolitikk og strategisk utvikling i regionen. I mars 2022 vedtok kommunane den første samarbeidsavtalen for Fjordane IPR, og avtalen vart justert i 2024 etter at Høyanger kommune kom inn som nytt medlem. Sidan etableringa har rådet arbeidd med sentrale tema som samferdsel, kraft, rekruttering og verdiskaping, og har vore ein viktig politisk aktør både regionalt og nasjonalt. I løpet av 2023 vart Hafs-regionråd og Nordfjordretdet formelt avvikla som politisk råd.

Dagens status for Fjordane IPR

Fjordane interkommunale politiske råd har no vore i drift i tre år, og i denne perioden har rådet etablert seg som ein samla og tydeleg politisk aktør for kommunane i regionen. Rådet har vore ein pådrivar i viktige saker knytt til samferdsel, kraft, rekruttering og verdiskaping, og har fungert som felles talerøyr overfor fylkeskommunale og nasjonale styresmakter.

Fjordane IPR har vore drifta med Stad kommune som vertskommune. Vertskommunen har hatt ansvar for arbeidsgjevaransvar, rekneskap og arkivering av sakene til regionrådet. Regionrådet har hatt ein ressurs på 50 prosent som har hatt ansvar for å byggje opp strukturane, førebu saker og sikre framdrift i den daglege drifta. Dette har vore avgjerande for å få på plass gode rutinar, møteplassar og arbeidsformer i det nye regionrådet. I samband med evalueringa erkjenner ein at det er behov for å ha ein større ressurs til regionsamarbeidet. På noverande tidspunkt vel ein ikkje å auke opp. Arbeidet i rådet er basert på konsensus og felles prioriteringar, og det har vore eit gjennomgåande mål å byggje tillit og samarbeidskultur i ein regionrådsstruktur som er ny for fleire av kommunane. Sjølv om Fjordane IPR framleis er i utvikling, har rådet etablert eit solid fundament og har eit tydeleg potensial for vidare styrking av det politiske samarbeidet i regionen.

Regionrådet følgjer dei intensjonane som ligg til grunn i samarbeidsavtalen, og Fjordane IPR er organisert etter kommunelova § 18 som eit interkommunalt politisk råd. Det er utarbeidd årlege årsrapportar som dokumenterer aktivitet og resultat, og rapportane viser god framdrift innan dei prioriterte temaområda og eit aukande samarbeid på tvers av kommunane.

Som ein del av arbeidet med å styrkje samarbeid og felles politikikutvikling har Fjordane IPR etablert Formannskapskonferansen som ein årleg møteplass for politikarar og leiinga i administrasjonen. Konferansen er ein sentral arena for å løfte opp felles utfordringar og moglegheiter, dele kunnskap og invitere inn relevante regionale og nasjonale aktørar. Konferansen har fokus på at kommunane presentert arbeid som vert gjort lokalt og regionalt, og deltakarane får høve til å drøfte strategiske satsingsområde på tvers av kommunegrenser. Formannskapskonferansen har utvikla seg til ein viktig møteplass for politisk dialog, kompetansebygging og samordning av prioriterte utviklingsområde i regionen.

Sekretariatsfunksjonen, som er lagt til Region Fjordane, vert vurdert som velfungerande og samlande for det politiske arbeidet. Sekretariatet har vore sentralt for koordinering,

saksførebuing og samhandling mellom rådet, arbeidsutvalet og kommunane. Den økonomiske drifta er stabil og føreseieleg. Kommunane bidreg med ein årleg kontingent på kr 50 000, og rådet mottar eit fast tilskot frå Vestland fylkeskommune på kr 600 000. I tillegg kjem prosjektmidlar og samarbeid om ulike utviklingstiltak.

Bakgrunn for evalueringa

Som ein del av saksførebuinga ved etableringa av Fjordane IPR vart det lagt inn ei prøveperiode på tre år, med mål om å evaluere korleis samarbeidet fungerer og om organiseringa er føremålstenleg for vidare utvikling. Evalueringa er gjennomført og har hatt som mål å få fram både styrkar og forbettringspunkt, og å gi eit godt grunnlag for ei vidare profesjonalisering av samarbeidet.

Resultata viser at rådet har etablert ein tydeleg politisk rolle, eit godt omdøme og ein velfungerande struktur. Samstundes peikar fleire på behovet for justeringar som kan styrkje samhandlinga mellom arbeidsutvalet, kommunedirektørnettverket og sekretariatet.

Arbeidsutvalet bør ha eit endå klarare strategisk fokus, særleg knytt til prioritering av politiske satsingar og tilrettelegging av saker til rådsmøta. Det er brei semje om at sekretariatet fungerer godt og sikrar både framdrift, struktur og koordinering. Samstundes viser evalueringa at ressursgrunnlaget på sikt kan bli for stramt dersom aktivitetsnivået aukar. Det blir difor peika på eit framtidig behov for å styrkje sekretariatsfunksjonen, men det er ikkje føreslått konkrete endringar i ressursar eller finansiering på noverande tidspunkt.

Evalueringa stadfestar at kommunane ønskjer å halde fram samarbeidet, og at Fjordane IPR i løpet av treårsperioden har etablert seg som ein tydeleg felles politisk arena og ein viktig pådrivar for regionale interesser. Evalueringa vart handsama i regionrådet den 31.10.2025 og ligg ved saka som vedlegg.

Vurderingar:

Fjordane IPR har gjennom treårsperioden etablert seg som ein tydeleg og samlande politisk aktør for kommunane i regionen. Rådet har bidrege til å styrkje samarbeid, koordinering og politisk påverknadskraft innan sentrale område som samferdsel, kraft og verdiskaping. Evalueringa viser at arbeidsforma fungerer godt, og at både politikarar og administrasjon opplever at samarbeidet gir meirverdi. Samla sett viser evalueringa at Fjordane IPR er eit robust og føremålstenleg samarbeidsorgan som har utvikla regionen si evne til å opptre samla i politisk. Det er brei semje om å vidareføre samarbeidet, og dei foreslåtte justeringane i samarbeidsavtalen vil bidra til å tydeleggjere roller og styrkje strukturen for vidare arbeid.

Økonomiske konsekvensar:

«Skriv her»

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

«Skriv her»

Behandling i Formannskapet 24.02.2026:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

FORM- 026/26 Vedtak:


1. Kommunen vedtek å vidareføre deltakinga i Fjordane interkommunale politiske råd (IPR).
2. Kommunen godkjenner den reviderte samarbeidsavtalen for Fjordane IPR.

Vedlegg i saken:

årsmelding 2025 Fjordane IPR

Årsmelding 2024

Samarbeidsavtale-Fjordane IPR (1)



Saksnr.	Utval	Møtedato
027/26	Formannskapet	24.02.2026

Utgreiingsprogram for mogeleg utnytting av olje og gassressursar i Cuvettefeltet

FORM- 027/26 Vedtak:

1. Kinn kommune støttar programmet for utgreiing av ressursane på Cuvettefeltet, der m.a. klima-, miljø- og fiskerikonsekvensar vert greidd ut.
2. Kinn kommune ser positivt på at petroleumsressursane vert greidd ut og sett i produksjon i område med eksisterande infrastruktur då dette tryggar energitilgang, ref. St.meld 11(2021-22).
3. Kinn kommune ventar at prosjektet gjev regionale verknader og støttar opp om, og nyttar infrastruktur bygd opp i Florø, k.sak 25/111.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kinn kommune støttar programmet for utgreiing av ressursane på Cuvettefeltet, der m.a. klima-, miljø- og fiskerikonsekvensar vert greidd ut.
2. Kinn kommune ser positivt på at petroleumsressursane vert greidd ut og sett i produksjon i område med eksisterande infrastruktur då dette tryggar energitilgang, ref. St.meld 11(2021-22).
3. Kinn kommune ventar at prosjektet gjev regionale verknader og støttar opp om, og nyttar infrastruktur bygd opp i Florø, k.sak 25/111.

Bakgrunn for saka:

Saka gjeld program for utgreiing for utvinning av Cuvettefeltet i Nordre del av Nordsjøen. Olje- og gassfunnet Cuvette vart gjort i 2024. Funnet grensar til Vegafeltet, som er bygd ut med subsealøysing knytt til Gjøaplattformen i nordleg del av Nordsjøen vest/sørvest av Florø. Harbour Energy er operatør for den aktuelle lisensen.

Norge er ein sentral eksportør av olje og gass, og for Europa spelar vi ei avgjerande rolle for energiforsyninga på kontinentet. Regjeringa har som mål at industrien skal utviklast, og ikkje avviklast, slik det er formulert i St. melding 11 (2021-22). Regjeringa meiner at energisituasjonen underbygger at det er viktig å bevare vårt utgangspunkt på energiområdet. Dette må skje gjennom ei lønnsam, effektiv, sikker og miljøvennleg forvaltning av våre ressursar.

Kinn kommune sitt arbeid med olje- og gass – f.sak 25/089, k.sak 25/111

- Aktivitetane i regi av operatørselskap og selskap med leitelisensar er svært sentrale for verksemda på Fjord base, kommunen og regionen og danner grunnlag for mange andre selskap og aktivitetar.
- Logistikkcenter røyr er ein stor og viktig modul, men øvrig forsyningsverksemd og persontransport, samt subsekapasitet, er også avgjerande for sysselsetting og konkurranseevne i regionen.
- I Florø har det vore tradisjon for deling av dyr infrastruktur (som båt og helikopter). Vi ønskjer at operatørane og andre selskap drar vekslar på dette ved leiting og nye prosjekt i vårt område.
- Nordleg Nordsjø er eit prospektivt område og vi ser positivt på at det vert opna for leiting. Vi har forventningar til at nye funn og utbyggingar, nærfeltleiting og –produksjon skal medføre stor aktivitet i Florø i regi av operatørselskapa og andre.

Som forsyningsbase for nordre del av Nordsjøen ser vi ein auka aktivitet på leiting som utnyttar eksisterande infrastruktur. Plan for utbygging og drift (PUD) vil bli levert i løpet av 2026 for godkjenning. Konsekvensutgreiing (KU) er del av PUD. Program for konsekvensutgreiing er første trinn i KU-prosessen, og programframlegg er no på høyring med frist 3. mars.

Energidepartementet vil deretter fastsette endeleg KU-program. Utbygging av Cuvette inneber boring av to (eller tre) brønner frå eksisterande botnrammer på Vegafeltet. Brønnstraumen vil gå via eksisterande Vega-røyrledning til Gjøa for prosessering og eksport. Ingen ny infrastruktur vil bli etablert. Boreoperasjonane vil innebere borerigg på feltet med aktivitet i anslagsvis eit halvt år.

Saksopplysningar:

Løyve til utvinning som omfatter Cuvette har Harbour Energy Norge AS og Petoro AS. Harbour Energy er operatør. Cuvette har ikkje tilstrekkelege ressursar til å forsvare ei sjølvstendig utbygging med eiga innretning for produksjon, prosessering og eksport. Samstundes ligg havbotnfeltet Vega i nærleiken, noko som gjer det mogleg med ei tilknytning til eksisterande infrastruktur. Vega er vidare knytta til Gjøaplattformen for prosessering og ledningsnett for gasstrøm til St. Fergus i England.

I tillegg til oppdatert informasjon om prosjektet, er følgjande tema foreslått for vidare kunnskapsoppbygging og utgreiing i KU for Cuvette:

- Presentere resultat for aktuelle teknologival, mellom anna brønnopprensing og handtering av oljehaldig borekaks.
- Estimat for utslepp til luft frå utbygging og drift, mellom anna frå borerigg og forsyningsfartøy i anleggsfasen og bidrag frå vertsfeltet i driftsfasen.
- Estimat for operasjonelle utslepp til sjø i anleggs- og driftsfasen, og vurdere miljømessige verknader av dette, mellom anna borerelaterte utslepp og utslepp av produsert vatn via vertsfeltet, samt forventa kjemikaliebehov på funksjonsnivå.
- Eventuell oppdatert analyse av prosjektet sine forbrenningsrelaterte utslepp («scope 3»), med fokus på brutto utslepp og vurdering av netto utslepp og miljøverknader i Noreg basert på tilgjengelege referansestudiar. Utrekningar og vurderingar vil bli baserte på siste tilgjengelege informasjon på aktuelt tidspunkt.
- Analyse av miljørisiko knytt til utilsikta utslepp og beredskapstiltak, gitt at oppdatert kunnskap om utblåsingsratar osv. ligg føre tidsnok. Eventuelt vil analysen støtte seinare søknad om løyve til verksemd etter forureiningslova.
- Vurdere verknader for andre havbaserte næringar, som fiskeriverksemd og

skipstrafikk i anleggsperioden.

· Analyse av prosjektet sine samfunnsmessige verknader, mellom anna inntekter til staten gjennom skattar og avgifter samt nasjonale sysselsetjingsverknader.

Regelverket kring leiting og produksjons-løyver er vidareført slik det har vore, men det er lagt til strengare krav til klimavurderingar ved søknad om produksjonsløyve (PUD).

Vurderingar:

Aktivitetane i Gjòa- og Vegaområdet er viktige for petroleumsverksemda i Florø. Denne utgjer ein svært viktig del av næringsgrunnlaget i byen og kommunen. Dette omfattar mellom anna forsyningsverksemd, støttetenester og personelltransport.

Det er positivt at det er gjort nye funn som kan knytast opp til eksisterande infrastruktur på feltet.

I prosessane rundt utbygging og drift av Gjòa, Vega og Vega Sør, var det stort engasjement for å sikre aktivitet i Florø og Sogn og Fjordane. Forventningane kjem klart til uttrykk i dei sentrale stortingsdokumenta.

Utbygging av Cuvette er i realiteten ei vidareutvikling av Vega-feltet, og vi vonar at utbygginga vil vere med på å innfri nemnde forventningar. Vi ber om at kapittel 8 om samfunnsmessige verknader er konkret på basebruk m.m.

Økonomiske konsekvensar:

«Skriv her»

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

«Skriv her»

Behandling i Formannskapet 24.02.2026:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg pkt. 1 samrøystes vedtatt.

Kommunedirektøren sitt framlegg pkt. 2 vedtatt mot 2 røyster (Raudt v/Henrikson og SV v/Olafsson).

Kommunedirektøren sitt framlegg pkt. 3 samrøystes vedtatt.


FORM- 027/26 Vedtak:

1. Kinn kommune støttar programmet for utgreiing av ressursane på Cuvettefeltet, der m.a. klima-, miljø- og fiskerikonsekvensar vert greidd ut.
2. Kinn kommune ser positivt på at petroleumsressursane vert greidd ut og sett i produksjon i område med eksisterande infrastruktur då dette tryggar energitilgang, ref. St.meld 11(2021-22).
3. Kinn kommune ventar at prosjektet gjev regionale verknader og støttar opp om, og nyttar infrastruktur bygd opp i Florø, k.sak 25/111.

Vedlegg i saken:

Følgjeskriv

Høring_ Forslag til program for konsekvensutredning for Cuvette (1)



Saksnr.	Utval	Møtedato
028/26	Formannskapet	24.02.2026

Presisering av forskrift om folkevaldes rett til godtgjersle og velferdsgoder i Kinn

FORM- 028/26 Vedtak:

1. Kommunestyret ber om at det vert lagt fram sak med forslag til presiseringar i forskrift om folkevaldes rett til godtgjersle og velferdsgoder i Kinn.
2. Forslaget skal særleg omfatte reglane om tapt arbeidsforteneste.
3. Saka vert sendt over til gruppeleiarutvalet, som skal komme med ei innstilling i saka.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret ber om at det vert lagt fram sak med forslag til presiseringar i forskrift om folkevaldes rett til godtgjersle og velferdsgoder i Kinn.
2. Forslaget skal særleg omfatte reglane om tapt arbeidsforteneste.

Bakgrunn for saka:

Godtgjersle og velferdsgoder for folkevalde i Kinn er regulert i «Forskrift om folkevaldes rett til godtgjersle og velferdsgoder i Kinn».

Den siste tida har fleire folkevalde fått mange personlege spørsmål frå enkeltinnbyggjarar. Spørsmåla gjeld og godtgjersle og velferdsgoder. Dette kan påverke arbeidsvilkåra til dei folkevalde.

Ei vurdering av om forskrifta bør justerast eller presiserast, og eventuelt om det bør utarbeidast eigne retningslinjer, kan gjere arbeidet enklare og meir føreseieleg for alle partar og sørge for likebehandling.

Saksopplysningar:

Forskrift om folkevaldes rett til godtgjersle og velferdsgoder i Kinn vart vedteken i K-sak 137/23 den 05.10.2023.

Forskrift om folkevaldes rett til godtgjersle og velferdsgoder i Kinn kommune

I forskrifta står følgjande:

«§ 3. Rett til dekning av utgifter og økonomisk tap

Den som har eit tillitsverv i Kinn kommune, har krav på

- a. skyss-, kost og overnattingsgodtgjersle for reiser i forbindelse med vervet*
- b. dekning av utgifter som følgje av vervet, også utgifter til andre for å utføre nødvendige arbeidsoppgåver, barnepass og andre omsorgsoppgåver ein i forbindelse med utøving av vervet ikkje sjølv kan utføre*
- c. erstatning for tapt inntekt som følgje av vervet.*

Krav etter første ledd skal fremjast for sekretariatet så snart som mogleg og bør seinast setjast fram innan 3 månader etter at kravet oppstod. Kravet skal dokumenterast. Krav etter første ledd bokstav b eller c som ikkje kan dokumenterast, dekkast likevel dersom utgiftene eller tapet er sannsynleggjort på annan måte.

§ 4. Utmåling av utgifter og økonomisk tap

Godtgjering for skyss, kost og overnatting etter § 3 første ledd bokstav a vert gjeve for reiser over 10 km etter dei til ei kvar tid gjeldande satsane i kommunen sitt reiseregulativ.

Utgifter etter § 3 første ledd bokstav b vert dekkast med inntil kr 1 600 per dag for dokumenterte utgifter og inntil kr 800,- per dag for ikkje-dokumenterte tap.

Tapt inntekt etter § 3 første ledd bokstav c vert dekkast med inntil kr 6 000 per dag for dokumenterte tap og inntil kr 1 500 per dag for ikkje-dokumenterte tap.»

Krav om tapt arbeidsforteneste vert sendt inn slik:

Faktura frå arbeidsgjevar:

Arbeidsgjevar sender faktura for den tida den tilsette har vore borte frå jobb i samband med møte som folkevald. Det kan fakturerast med inntil kr 6 000 per dag.

Den tilsette får ikkje trekk i løn, og arbeidsgjevar får refundert lønsutgifter for den aktuelle perioden.

Ordninga sikrar at den folkevalde ikkje får redusert pensjonsopptening.

Krav frå folkevald - legitimert godtgjersle (inntil kr 6 000 per dag):

Den folkevalde registrerer kravet i Visma og legg ved dokumentasjon på tap av løn. Dokumentasjonen vert arkivert.

Dokumentasjon frå arbeidsgjevar inneheld:

- oversikt over beløp den tilsette er trekt i løn, med dato og eventuelt klokkeslett
- oversikt over trekk i løn for vakt i forkant av møtedato/møtetidspunkt
- opplysning om timesats
- stadfesting på at den tilsette ikkje har fått utbetalt løn frå arbeidsgjevar for den tida vedkomande har vore i møte som folkevald

Krav frå folkevald - ulegitimert godtgjersle (inntil kr 1 500 per dag):

Den folkevalde registrerar kravet i Visma.

Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven):

Stortinget vedtok i 2018 ny kommunelov, som trådte i kraft hausten 2019. I forarbeidene til ny kommunelov (Prop. 46 L 2017–2019 side 120) beskrivast gjeldande rett, altså situasjonen etter lova i dag, slik:

"Folkevalgte som er uten fast lønnet arbeid, som for eksempel hjemmевærende, pensjonister og studenter kan ha krav på erstatning for tapt inntekt. Dersom de har tap i inntekt ved at de må forsømme sine ordinære gjøremål for å ivareta tillitsvervet, kan disse få erstattet inntektstapet. Tap i inntekt som følge av at de må forsømme slike ordinære gjøremål lar seg imidlertid vanskelig legitimere. I slike tilfeller er det krav om at tapet må være sannsynliggjort. Dersom studiene forsømmes som følge av vervet, vil en student kunne få erstatning for tapt inntekt. På tilsvarende måte vil en hjemmевærende eller pensjonist som må utføre sitt verv som tillitsvalgt til samme tid som sine ordinære gjøremål, ha rett til slik erstatning."

Ovanfor nemnte viser til gamal lov, men kommentarar til ny lov viser at bestemmelsane er vidareført i kommunelova kapittel 8. Rettigheter og plikter for folkevalgte.

Kommunelova

I kommunelova § 8-3 står det:

§ 8-3. Dekning av utgifter og økonomisk tap

Den som har et kommunalt eller fylkeskommunalt tillitsverv, har krav på skyss-, kost- og overnattingsgodtgjøring for reiser i forbindelse med vervet. Kommunestyret eller fylkestinget gir selv forskrift om slik godtgjøring.

Den som blir påført utgifter som følge av et kommunalt eller fylkeskommunalt tillitsverv, har krav på å få dekket utgiftene opp til et visst beløp per dag. Kommunestyret eller fylkestinget gir selv forskrift om dekning av slike utgifter.

Den som taper inntekt fordi han eller hun har et kommunalt eller fylkeskommunalt tillitsverv, har krav på erstatning opp til et visst beløp per dag. Kommunestyret eller fylkestinget gir selv forskrift om slik erstatning. Det skal fastsettes ulike satser for dokumenterte og ikke-dokumenterte tap.

Behov for presiseringar/utarbeiding av retningslinjer

Det er behov for å presisere enkelte punkt i forskrifta og eventuelt utarbeide utfyllande retningslinjer, særleg når det gjeld tapt arbeidsforteneste.

1. Tapt arbeidsforteneste – legitimert (inntil kr 6 000 per dag)

a) Krav til dokumentasjon

Etter § 3 første ledd bokstav c kan tapt arbeidsinntekt dekkjast med inntil kr 6 000 per dag. Det bør presiserast kva krav som skal stillast til dokumentasjon:

Dokumentasjon kan til dømes vere:

- lønsslipp som viser trekk i løn
- stadfesting frå arbeidsgjevar om trekk i løn
- oversikt over dato og tidsrom for fråver
- opplysningar om timesats

Dersom tapet ikkje kan dokumenterast, men det er sannsynleg at den folkevalde har hatt eit økonomisk tap, kan det vere aktuelt å nytte satsen for ulegitimert tap.

b)Tidsavgrensing (kl. 08.-16.00)

I tidlegare reglement var det presisert at fråver berre vart kompensert for tidsrommet mellom kl. 08.00 og 16.00. Ei slik avgrensning er ikkje omtalt i gjeldande forskrift. Det bør vurderast om dette skal presiserast i forskrifta eller i eigne retningslinjer.

c)Tap av vakt i forkant av møte

Gjeldande forskrift omtalar ikkje om tap av vakt i forkant av møte gir rett til kompensasjon. Dette har til no blitt løyst etter avtale med ordførar. Det bør avklarast om slik kompensasjon skal regulerast nærare.

2.Tapt arbeidsforteneste – ulegitimert (inntil kr 1 500 per dag)

a)Krav til sannsynleggjering

Forskrifta seier lite om kva som skal til for å sannsynleggjere eit økonomisk tap. Det bør presiserast kva krav som skal stillast, til dømes om det skal krevjast ei eigenerklæring eller annan dokumentasjon.

b)Kortare møte

Ved kortare møte vert ulegitimert sats fordelt forholdsmessig på ein arbeidsdag på 7,5 timar. Dette inneber at eit møte på to timar gjev ei utbetaling på kr 400. Det kan vurderast om denne praksisen bør presiserast nærare i forskrift eller retningslinjer.

b)Bruk av ferie

Det bør avklarast om deltaking i møte der den folkevalde nyttar feriedagar skal reknast som ulegitimert tap og gi rett til kompensasjon.

Ei tydlegare regulering av desse forholda vil bidra til meir føreseieleg praksis for både folkevalde og administrasjon, og redusere behovet for skjønsmesige vurderingar i kvart enkelt tilfelle.

3.Behov for ekspertise i kommunale føretak

a)Kjøp av eksterne tenester

Ved behov for særskilt kompetanse eller ekspertise i kommunale føretak bør dette som hovudregel løysast gjennom kjøp av eksterne tenester.

Behovet bør ikkje dekkast ved å leige inn medlemmar av styret til oppdrag for føretaket.

Vurderingar:

Vestland revisjon har kome med innspel om at tapt arbeidsforteneste bør dokumenterast med stadfesting frå arbeidsgjevar når den som krev slik godtgjersle er i eit ansettelsesforhold. Slik praksisen er i nokre tilfeller i dag, vil ikkje utbetalande eining ha innsyn i om vedkomande tek igjen arbeidstimane på eit seinare tidspunkt, og dermed faktisk ikkje har noko reelt tap.

Det vert frå revisjonen si side oppmoda om å fastsetje føringar for korleis dette skal handterast, for å sikre at ein følgjer intensjonen i reglementet og at likebehandling vert ivareteken.

Dagens praksis når det gjeld vurderingar av utbetalningar og innhald i dokumentasjon som vert sendt inn, er basert på ein kombinasjon av tidlegare praksis i Flora og Vågsøy kommunar. I tillegg til avklaringar med ordførar ved behov.

Det er behov for å presisere enkelte punkt i forskrift om folkevaldes rett til godtgjersle og velferdsgoder I Kinn, særleg reglane om tapt arbeidsforteneste. Dagens forskrift gir rom

for ulike praksis og skjønnsmessige vurderingar.

Det bør klargjerast:

- kva dokumentasjon som krevjast ved legitimert tap (inntil kr 6 000 per dag)
- om kompensasjon skal avgrensast til bestemte tidsrom
- om tap av vakt i forkant av møte gir rett til kompensasjon
- kva krav som skal stillast til sannsynleggjering ved ulegitimert tap (inntil kr 1 500 per dag)
- møtelengd noko å seie for utbetaling av ulegitimert tap (inntil kr 1 500 per dag)
- om bruk av ferie ved deltaking i møte gir rett til kompensasjon
- reglar for korleis behovet for ekspertise vert løyst i dei kommunale føretaka

Tydeligare reglar vil sikre likebehandling og føreseielegheit.

Økonomiske konsekvensar:

Feil utbetalingar påverkar rekneskapen negativt og kan skape behov for korrigeringar.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Kommunelova

Forskrift om folkevaldes rett til godtgjersle og velferdsgoder i Kinn

Behandling i Formannskapet 24.02.2026:

Framlegg, foreslått av Frank Willy Pedersen Djuvik, Kinn Fremskrittsparti


Saka vert sendt over til gruppeleiarutvalet, som skal komme med ei innstilling i saka.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak og tilleggsframlegg frå FrP v/repr. Djuvik samrøystes vedtatt.

FORM- 028/26 Vedtak:

1. Kommunestyret ber om at det vert lagt fram sak med forslag til presiseringar i forskrift om folkevaldes rett til godtgjersle og velferdsgoder i Kinn.
2. Forslaget skal særleg omfatte reglane om tapt arbeidsforteneste.
3. Saka vert sendt over til gruppeleiarutvalet, som skal komme med ei innstilling i saka.



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
029/26	Formannskapet	24.02.2026
033/26	Kommunestyret	05.03.2026

Refvik - finansiering og igangsetting nytt avløpsanlegg med vassforsyning

FORM- 029/26 Vedtak:

1. Kommunestyret godkjenner igangsetting av tiltak med nytt avløpsanlegg og vassforsyning til Refvik Camping området på kommunal grunn Gbnr 327/17.
2. Kostnadene, estimert til 6 mill eks mva
3. Kommunestyret godkjenner igangsetting av tiltak med oppgradering av bygningsmasse/ serviceanlegg på kommunal grunn Gbnr 327/17, estimert til 2 mill eks mva
4. Investeringsplan vert innarbeidd i 1. tertialrapport

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret godkjenner igangsetting av tiltak med nytt avløpsanlegg og vassforsyning til Refvik Camping området på kommunal grunn Gbnr 327/17.
2. Kostnadene, estimert til 6 mill eks mva
3. Kommunestyret godkjenner igangsetting av tiltak med oppgradering av bygningsmasse/ serviceanlegg på kommunal grunn Gbnr 327/17, estimert til 2 mill eks mva
4. Investeringsplan vert innarbeidd i 1. tertialrapport

Bakgrunn for saka:

Refviksanden er eit viktig friluftsområde og ei mykje besøkt badestrand om sommaren.

Området ved Refvik camping, servicebygget og parkeringsplassen høyrer til Kinn kommune.

I tilknytning til campingplassen er det etablert eit servicebygg og nokre konteinrarar som inneheld kiosk, toalett og dusjfasilitetar for gjester.

Campingplassen med tilhøyrande servicebygg, konteinrarar og parkeringsområde har i fleire år vert drive av bygdelaget i Refvik.

Servicebygget, inkludert konteinarane og bubiltømmestasjonen, har ikkje godkjend utsleppsløyve for avløpsvatn og vart difor stengd sommaren 2025.

Dagens drikkevassløyving er heller ikkje tilfredsstillande når det gjeld kapasitet og vasskvalitet. Det er lagt fram ei lita vassleidning frå ein felles brønn saman med fleire naboar i Refvik. Naboane er uroa for at brønnen kan gå tom i lengre periodar med fint vêr og mange besøkande på campingplassen. Dersom mange dusjar samstundes i sanitæranlegget, er det ikkje tilstrekkeleg vasstrykk eller kapasitet i anlegget. Det er heller inga vassbehandling av overflatevatnet.

Bubiltømmestasjonen har per i dag ikkje ei godkjend løyving, då avløpsvatn kan renne ut i terrenget ved tømning.

Kommunedirektøren tilår at Kinn kommune løyver dei naudsynte midlane som må til for å imøtekomme dagens krav for å etablere ei godkjend avløpsreinsløyving knytt til servicebygget ved Refviksanden og løyving for tømning av bubilar. Samtidig vert det etablert ei ny og betre drikkevassløyving med omsyn til både vassmengde, vasstrykk og drikkevasskvalitet.

Saksopplysningar:

Området ved Refvik camping, samt servicebygget og konteinarane, høyrer til Kinn kommune.

Bygdelaget har opplyst at avløpsanlegget og vassforsyninga må kunne handtere opp mot 800 badegjester per dag, i tillegg til 40 bubilar og 40 telt, for å tene gjestene på sanden og campingplassen på fine sommardagar. Det kjem òg fleire bussar med cruiseturistar til Refviksanden i løpet av cruisesesongen, og desse nyttar òg sanitærbygget.

Hausten 2025 vart det halde ein anbodskonkurranse med fem større konsulentfirma for å finne eit eigna firma som kunne planleggje og prosjektere ei godkjend avløpsløyving for Refvik camping, med opsjon på arbeid med ny drikkevassforsyning og eventuell oppgradering av dagens servicebygg. Anbudet vart vunne av Norconsult AS.

Det er gjennomført fleire grunnundersøkingar som avdekte at kommunen sitt eige areal var for lite til å infiltrere så store mengder avløpsvatn som sanitæranlegget tilfører på fine sommardagar i Refvik.

Grunneigarlaget og bygdelaget sin representant for prosjektet tok kontakt med naboeigedomane som vart vurderte som eigna for infiltrasjon av avløpsvatn. Desse ønskte likevel ikkje å tillate infiltrasjon på eigen eigedom.

Det vart deretter vurdert å etablere eit minireinseanlegg på campingplassen, men ein fann òg utfordringar med denne løyvinga.

Ein har difor kome fram til at den beste og mest framtidsretta løyvinga, basert på vedlikehald, driftstryggleik og levetid, er ein tradisjonell stor slamavskiljar der avløpsvatnet renn vidare til ein pumpekum. Derifrå vert alt avløpsvatn pumpa i ei pumpeleidning som vert grave ned i vegkanten utover mot moloen i Refvik. Frå moloen vert det lagt sjøleidning ut i havet i le av moloen og vidare om lag 400 meter ut til djupare sjø. Sjøleidning direkte frå campingplassen er frårådd grunna tung sjø og vêrharde forhold i Refvik.

I samband med søknad om utsleppsløyve til sjø har Norconsult vurdert påverknaden utsleppet vil ha på marine naturverdiar og vassmiljø. Det vert konkludert med at utsleppet ikkje vil ha negativ påverknad på naturverdiar.

Dagens vassforsyning er ikkje tilfredsstillande. Det er lagt fram ei lita vassleidning frå ein felles brønn saman med fleire naboar i Refvik. Naboane er uroa for at brønnen kan gå tom i periodar med fint vêr og mange besøkande. Ved samtidig bruk av dusjar er det ikkje tilstrekkeleg vasstrykk eller kapasitet. Det finst inga vassbehandling av overflatevatnet.

Kommunen har gjort avtale med gnr./bnr. 327/24 om etablering av borehol på eigedomen som ny vassforsyning. Store delar av leidningstraseen for vassforsyninga vil gå i same grøft som avløpspumpeleidninga.

Bubiltømmestasjonen har per i dag ikkje godkjend løysing, då avløpsvatn kan renne ut i terrenget ved tømming. Dette er planlagt løyst ved å støype ei betongplate slik at eventuelt søl renn tilbake til tett avløpstank.

Servicebygget er i dag svært slite, og i tillegg til sjølve bygget består det av to konteinarar som inneheld kiosk, toalett og dusjrom.

Ein bør integrere alt i eitt servicebygg for å gjere det meir funksjonelt og oppgradere det til ein betre standard enn det har per i dag.

Dette kan løysast ved at ein eventuelt «strekker» dagens servicebygg i begge endar for å få plass til kiosk, toalett, dusjar og vaskerom under eitt tak.

Vurderingar:

Refviksanden vert ofte omtala som ei av dei finaste strendene i Noreg og er eit statleg sikra friluftsområde. Campingplassen er mykje besøkt av både tilreisande og lokale, særleg i periodar med fint vêr.

Kinn kommune, som eigar av naturområdet og campingplassen, bør ta ansvar for at det finst godkjende sanitærfasilitetar for alle dei besøkjande i dette attraktive området.

Tiltaka vil medføre ei investering i oppgradering av dagens sanitærløysing ved Refvik camping, der ein no har kome fram til løysingar som tek omsyn til framtidig vedlikehald, levetid og driftstryggleik.

Det blir arbeid med å få på plass avtalar med grendala/grunneigarar om reiselivssatsing. Som ein del av dette arbeidet vil det også vere naudsynt å få på plass avtale om drift av Refvik og serviceanlegget.

Økonomiske konsekvensar:

Norconsult AS har utarbeidd ein kalkyle for kostnadene knytte til oppgradering av vass- og avløpsløysinga ved servicebygget og bubiltømmestasjonen. Kostnadsoverslag ligg på 6 mill eks mva. Her er inkludert 15% uforutsette utgifter.

Oppgradering av bygningsmassen/serviceanlegg med toalettfasilitetar bør gjerast no. Det vil etter kommunedirektøren sin vurdering vere føremålsteneleg at kommunen gjennomfører oppgradering av bygg samstundes med oppgradering av teknisk anlegg. Kostnadsoverslag ligg på 2 mill kr. eks mva.

Tiltak med vass- og avløpsanlegg må prioriterast forran oppgradering av bygningsmassen.

Kommunen vil samarbeid med bygdelaget, Nordfjord Hamn og andre om del finansiering/drift av deler av investeringa, ref. f.sak 26/009

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

«Skriv her»

Behandling i Formannskapet 24.02.2026:

FrP v/repr. Djuvik ønska vurdert eigen habilitet då han er dagleg leiar i Måløy Adventure og Måløy Vekst AS.

Kommunedirektør kommenterte at repr. Djuvik ikkje har personleg interesse i saka og bør vurderast habil.

Repr. Djuvik samrøystes erklært habil.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

FORM- 029/26 Vedtak:

1. Kommunestyret godkjenner igangsetting av tiltak med nytt avløpsanlegg og vassforsyning til Refvik Camping området på kommunal grunn Gbnr 327/17.
2. Kostnadene, estimert til 6 mill eks mva
3. Kommunestyret godkjenner igangsetting av tiltak med oppgradering av bygningsmasse/ serviceanlegg på kommunal grunn Gbnr 327/17, estimert til 2 mill eks mva
4. Investeringa vert innarbeidd i 1. tertialrapport



Saksframlegg

Ikkje offentleg § 13 1. ledd, jf. fvl. § 13 1. ledd nr. 1

Saksnr.	Utval	Møtedato
030/26	Formannskapet	24.02.2026

Søknad om fritak frå Kinn eldreråd - Asbjørn Våge

FORM- 030/26 Vedtak:

Representant Asbjørn Våge får fritak frå sitt verv i Kinn eldreråd ut valperioden.

Behandling i Formannskapet 24.02.2026:

Spørsmål frå Raudt v/repr. Henriksson om kven som skal ha tilgong til saker unnateke offentlegheita i Møteportalen.

Det er kun møtande medlemmar i formannskapet som får tilgong.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

FORM- 030/26 Vedtak:

Representant Asbjørn Våge får fritak frå sitt verv i Kinn eldreråd ut valperioden.

Vedlegg i saken:

Søknad om fritak i Kinn eldreråd - ut perioden - Asbjørn Våge